

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
v/Elisabeth Bjørsvik  
PB 7900,  
5020 Bergen

Bergen, 1. september 2014

## **Forslag om vedtektsendring for Stiftinga Hordamuseet - fråsegn frå Hordaland Fylkeskommune**

Bymuseet i Bergen foreslår endring av vedtektene for Stiftinga Hordamuseet og vil i følge gjeldande vedtekter be om ei fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i forkant av styrehandsaming i stiftinga.

Vi er inne i fleire prosessar som gjer at vi ser det som føremålstenleg å endre paragraf 7 i vedtektene. Vi er godt i gang med eit prosjekt støtta av Norsk Kulturråd: «Prioritering og avhending – retningslinjer og metode», samt at vi arbeider med innsamlingsplan og revidering av samlingsforvaltningsplan.

Saksframlegg og gjeldande vedtekter er vedlagt og vi ber om skriftleg tilbakemelding frå fylkeskommunen på korleis de ser på foreslått vedtektsendring.

Vi ser fram til å høyre frå dykk!

Vennlig hilsen



Marianne Louise Nielsen

museumsdirektør

## SAKSFRAMLEGG TIL STYRET FOR STIFTINGA HORDAMUSEET

### FORSLAG TIL ENDRING AV VEDTEKTER

Det vert foreslått å endre ordlyden i § 7 i vedtektene for å sikre ei etisk forsvarleg, rasjonell og berekraftig utvikling av samlingane.

#### Bakgrunn for forslaget

Bymuseet har dei siste åra gitt høg prioritet til forvaltning og utvikling av samlingane. Vi ønskjer å utvikle samlingar som støttar opp under vedtekter og planverk, er representative for våre ansvarsområde, som vi har god oversikt over og som vi har høve til å formidle og bevare på ein god måte. Berekraftig forvaltning må vere eit klart mål – det vil seie større grad av samsvar mellom omfanget av samlingane og dei ressursane som styret for stiftinga Bymuseet og eigarstyra ser seg råd til å setja av til dette feltet.

Vi arbeider med ein innsamlingsplan for heile Bymuseet og skal i gang med revisjon av samlingsforvaltningsplanen. Det er eit klart behov for å vere meir konkrete på kva vi skal ta inn i samlingane i framtida og korleis vi skal prioritere i dei samlingane vi har ansvaret for per i dag.

I samband med innflytting i nytt magasin utfører samlingsavdelinga ein omfattande revisjons- og dokumentasjonsprosess av gjenstandar. I dette arbeidet får vi stadfesta det vi tidlegare har visst: I ein god del tilfelle har vi gjenstandar det ikkje vil vere føremålstenleg å prioritere ressursar til å formidle og forvalte i framtida. Det kan vere gjenstandar i svært dårleg stand, gjenstandar som ikkje er komplette, gjenstandar vi har mange av same type av eller som ikkje naturleg høyrer heime under våre ansvarsområde. Dels kjem dette som følgje av at ein over lang tid har hatt lite fokus på forvaltning og meir fokus på formidling. Ein har til ei viss grad tatt i mot nokså ukritisk og nok tenkt at ein skal gå gjennom det på eit seinare tidspunkt. Dette har ført til at ein delvis har mista oversikt over kva ein har frå før. Ein naturleg konsekvens av museumsreforma er at ein no i langt større grad ser fleire samlingar under eit og dermed oppdagar ytterlegare overlapping. Det aller meste av samlingane er gjenstandar som fortel viktige og lærerike historier om vår fortid, men det er likevel slik at ein del gjenstandar bør avhendast<sup>1</sup> eller destruerast. Sjølv om ein gjenstand er i dårleg stand eller ikkje komplett, så krev den minst like store ressursar å forvalte som ein gjenstand i god stand. Den vil òg ta opp kostbar magasinplass som vi elles kunne brukt til gjenstandstypar som manglar eller lite representert i samlingane.

ICOM sitt museumsetiske regelverk slår fast at ansvarleg avhending av gjenstandar er eit nødvendig og legitimt fagleg grep i samlingsforvaltninga. I kapittel 2 står det som følgjer: *«Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger som bidrag til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskapelige arv. Disse samlingene utgjør et viktig felles kulturgode som har en spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligger forvalteroppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet og avhending under ansvar.»* Nasjonale og lokale lovverk/retningslinjer må også opne for dette. Bymuseet i Bergen har fått støtte frå Norsk Kulturråd til å utarbeide forslag til nasjonale retningslinjer for prioritering og avhending i kulturhistoriske museumssamlingar. Vi har som del av prosessen engasjert dr. jur. Thomas Eeg, Universitetet i Bergen, til å gjera greie for musea sin rett til å avhenda

<sup>1</sup> Avhending er per definisjon overføring av eigarskap til ein annan part, t.d. tilbakeføring til givar/arvingar, overføring til eit anna museum/lag/organisasjon, eller sal til utanforståande. Ein sjeldan gong kan det vere aktuelt med sal. Det vil i slike tilfelle vere eit krav at eit eventuelt overskot skal brukast slik ICOM sitt museumsetiske regelverk krev: *«... skal utelukkende anvendes til fordel for samlingen og vanligvis til nyanskaffelser».*

museumsgjenstandar. Hans konklusjon er at så lenge museet veit at det eig ein gjenstand, har ein full råderett over den, uavhengig av kva ein eventuell givar i si tid kan ha meint. Eeg sin konklusjon er at det norske lovverket ikkje hindrar musea i å omprioritere, avhende eller destruere gjenstandar når dette er gjort ut frå beste faglege skjønn og når museet sitt eige lovverk, altså vedtektene, ikkje er til hinder for dette faglege grepet. Heile utgreiinga hans er publisert og er å finne på denne lenka: <https://bora.uib.no/handle/1956/7899>.

Representantskapet i Bymuseet i Bergen handsama på møtet i november 2013 sak 06.13 «Prosedyre for avhending av gjenstandar» og tilrådde av arbeidet med prioritering og avhending i samlingane vart vidareført. Det vart sagt at nærare utgreiing vil kome for dei aktuelle eigarstyra, men det vart gjort vedtak om ein skissert framgangsmåte som alle kunne stille seg bak:

1. *Uregistrert materiale vert vurdert på lik line med nye gåvetilbod. Det som ikkje skal innlemmast i samlingane eller kan inngå som bruksgjenstandar, kan avhendast etter direktørens vedtak – i praksis delegert til samlingsavdelinga i Bymuseet i Bergen. I tvilstilfelle der det er sannsynleg at materialet har vore meint å verte registrert skal prosedyren i punkt 3 følgjast.*
2. *Registrerte gjenstandar i svært dårleg stand og/eller som ikkje er komplette, og som vert vurdert som lite føremålstenlege å ta vare på, kan avhendast etter vedtak frå direktøren eller ved delegasjon.*
3. *Om det er snakk om registrerte gjenstandar som vert foreslått avhenda grunna at ein har mange relativt like eller at dei ikkje passar med samlingsprofilen, skal ei tilråding frå direktøren leggast fram for eigarstiftinga (eller den som eigarstiftinga vel å delegere dette til) i form av liste med foto og grunngjeving.*

I Stiftinga Hordamuseet sine vedtekter er forvaltninga av samlingane omhandla av §7 Samlingane, der det heiter følgjande:

*«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar kan ikkje seljast eller verta gjevne bort. Styret avgjer spørsmål om deponering av gjenstandar.»*

Det er behov for å endra vedtektene slik at dei opnar for ei etisk forsvarleg, rasjonell og berekraftig forvaltning av samlingane. Vi har etter representantskapsmøtet arbeidd vidare med problemstillingane og ser at vi vil få store praktiske utfordringar dersom vi skal følgje punkt 3 for enkeltgjenstandar. Vi vil då måtte flytte på gjenstandar fleire gongar, noko som både vil krevje ekstra arbeidskraft og transportkostnader, samt at vi vil måtte finne eit eigna magasinlokale til gjenstandar som står på vent for vedtak frå styret. Vi foreslår difor at det går til styrebehandling når det gjeld innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar eller delsamlingar (t.d. ei mengde gjenstandar av same type eller ei mengde gjenstandar frå ein bestemt givar). Ut over det skal styret informerast årleg om endringar i samansetjinga av samlingane.

#### **Forslag til vedtak:**

Styret for Stiftinga Hordamuseet endrar §7 i vedtektene til følgjande ordlyd:

*«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogeleg faglege skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningsliner. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøyve vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegere dette til. Ved eventuelt ønske om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal faglege vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggast fram for eigarstyret i Stiftinga*

*Hordamuseet for endeleg vedtak.» Styret i stiftinga skal årleg informerast om eventuelle større endringar i samansetjinga av samlingane.*

## VEDTEKTER FOR STIFTINGA HORDAMUSEET

### § 1 **Namn og rettsleg stilling**

Stiftinga Hordamuseet er ein sjølvstendig og frittståande kulturhistorisk og vitskapleg institusjon organisert som ei stifting.

Hordamuseet har hovudsete på Stend gard i Fana. Her ligg administrasjonsbygg, utstillingslokale og ei bygnings-historisk avdeling. Vestlandske setermuseum på Fanafjellet er og ein del av Hordamuseet. Museet (stiftinga) kan eiga eller ha deponert einskildhus eller andre eigedomar utanfor museumsområdet.

### § 2 **Føremål**

Museet har til føremål å samla, taka vare på og dokumentera materielle og immaterielle kulturminne.

Det geografiske hovudansvarsområde er kommunane i Nord- og Midhordland.

Museet skal syta for at det er god kontakt med kommunane.

Med utgangspunkt i samlingane skal museet driva forskning.

Museet formidlar kunnskap om kulturhistoria.

Stiftinga kan og driva anna kulturell verksemd.

I tilnytting til museumsdrifta kan stiftinga driva sal, servering, utleige av fast eigedom og anna inntekstgjevande verksemd som står i naturleg tilknytning til museumsverksemda.

Hordamuseet skal kunna driva museumsverksemd og andre aktivitetar utanfor eigedomen på Stend, men innanfor sitt hovudansvarsområde og i samsvar med stiftinga sitt føremål.

### § 3 **Grunnkapital**

Grunnkapitalen til stiftinga er kr. 1.994.239,-, som er kapitalen pr. 01.01.1999.

### § 4 **Styret**

Museet si verksemd vert leia av eit styre på 5 medlemmer.

- a) To medlemmar og varamedlem i styret oppnemnd av styret sjølv.
- b) Ein medlem og varamedlem oppnemnd av Bymuseet i Bergen.
- c) Ein medlem og varamedlem oppnemnd av Nord- Og Midhordland Sogelag.
- d) Ein medlem og varamedlem vert oppnemnd av Hordamuseets Vener.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Styremedlemmene og varamedlemene vert oppnemnde for 4 år om gongen.

Funksjonstida går frå 1.januar

Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer eller varamedlemmer er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Er røystetala like, avgjer styreleiaren utfallet.

Styret vert innkalla når leiaren finn det naudsynt eller når minst 2 medlemmer krev det.

Rektor ved Stend Vidaregåande Skule og Fylkeskultursjefen i Hordaland har møte- og talerett i styremøta.

**§ 5. Styrets oppgåver.**

Styret er ansvarleg for museet si administrative oppbygging, verksemd og drift. Styret skal sjå etter at museet sine føremål blir fremma på beste måte og vera ansvarleg for at verksemda skjer innanfor dei økonomiske rammer og vilkår som gjeld til ei kvar tid. Styret skal fastsetja dei årlege budsjett og syta for at det vert ført korrekte rekneskap. Styret syter for at årsmelding, rekneskap og revisorfråsegn vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Styret tilset styrar og andre tenestemenn i faste stillingar. Tilsetjing av anna personale hører inn under museumsstyraren.

Styret skal føra møtebok.

**§ 6 Samlingane.**

Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar kan ikkje seljast eller verta gjevne bort. Styret avgjer spørsmål om deponering av gjenstandar.


**§ 7 Endring av vedtektene.**


Endringar i vedtektene kan gjerast av styret med 2/3 fleirtal. Før vedteksendring blir gjort, skal dei leggjast fram for Hordaland Fylkeskommune til fråsegn. Endringane må godkjennast av den myndighet som stiftingslova fastset til ei kvar tid.


**§ 8 Oppløysing.**


Fleirtalet i styret kan gjera vedtak om oppløysing av stiftinga. Ei endring eller oppheving av dei rettlege disposisjonar som danner grunnlag for stiftinga som skal skje i samsvar med Stiftelsesloven. Ved ei eventuell oppløysing skal siste styremøte fastsetje disponering av stiftinga sine midlar. Endringane vert melde inn til Stiftelsestilsynet


Fana, 19.09.2012

  
Else Marie Kind Hevrøy  
Styreleiar

  
Åsmund Lien  
Styremedlem

  
Haldor Telle  
Styremedlem

  
Liv Sæbø Fausa  
Varamedlem

  
Per Øyvind Riise  
Direktør